

## John med førelesing på universitetet i Mainz

John Havellen heldt saman med hjelparane Roland Schwarz frå Habiliteringstenesta Helse Førde og Odd Atle Stegegjerdet, leiar ved ATS, førelesning ved universitetet i Mainz 9. november.

### "Wittgenstein og eg", - det stille alvor

Mainz er ein by med ca. 300.000 innbyggjarar og ca. 30.000 studentar til saman. Førelesinga var retta mot studentar og tilsette ved studiet for spesialpedagogikk, samt tenesteleiarar og leiarar for interesseorganisasjonar for utviklingshemma.

Førelesinga vart godt motteken, og attendemeldingane frå universitetet i ettertid er at studentane tykte det var ei gripande og sterk forteljing om John sitt liv, frå livet på ulike institusjonar til eit liv som likeverdig medborgar i lokalsamfunnet i Luster. Notida sine studentar er framtida sine fagfolk, og på den bakgrunn kan denne mottakinga lova godt for tyske utviklingshemma si framtid.

Nedanfor finn du ein del bilete frå turen.



John og Roland saman med Stephanie Goeke, som er assistent for professoren ved studiet i spesialpedagogikk. Ei av hennar viktige oppgåver er å finna ut kva som er nytt, og verd å presentera for studentane. Stephanie var til stades i Dortmund for å høyra på John, Unni og Terje hausten 2003, og det var etter dette ho rådde universitetet i Mainz til å hyra inn John med hjelparar.



Frå venstre, under førelesinga: Stephanie Goeke, Odd Atle Stegegjerdet, John Havellen og Roland Schwarz. I tillegg til "Wittgenstein og eg" vart det også gjeve informasjon om Luster, samt det norske systemet for støtte til utviklingshemma (som i dag som kjent er ein integrert og likeverdig del i det ordinære, offentlege støtteapparatet) .



Tyskarane var svært imponerte og takksame for at John ville dela livshistoria si med dei. Her frå eit møte etter sjølve førelesinga, der m.a. John fekk overrekk spesielle, tyske lyspærer.



I tillegg til sjølve oppdraget vart det høve til å gjera seg litt kjend i området. Her frå eit besøk i klosteret Eberbach i Rhindalen. Klosteret ligg i beste vinområdet og representerer gammal europeisk rikdom. Men dei gamle vikingane hadde vore her òg på røvartoktene sine, noko klosteret bar tydelege merke av.



*John nytta høvet til å klyppa seg på tysk vis. Klyppen var pen, og billeg var det òg.*



*Bindingsverk var ein vanleg byggjemåte i Mainz i tidlegare tider, som overalt elles i mellom- og sør-Europa. I bakgrunnen Domen i Mainz, som var eit imponerande byggverk. Klokka i Domen heldt det gåande med klokkeklang kvart kvarter frå 06.00 om morgonen til 24.00 om natta.*



*Delegasjonen frå Luster fekk med seg starten på karnevalstida. Karnevalstida startar 11.11. klokka 11.11, og varer til ut i februar. Kvar "klan" eller område har sine egne drakter og hattar, og karnevalstida er prega av "fest og fart".*



*Som i Noreg er slike festivalperiodar alt anna enn problemfrie, og dette bar dei spesielle reglane for karnevalstida preg av: Reglane vart lesne opp av borgermeisteren ved starten av feiringa, og nokre av dei viktigaste paragrafane var at ein skulle festa og ha det moro, men gjera det med måte.*



*Lukka er nye lysrøyr, - med varmt, gult lys. Slike er vanskelege å få tak i i Noreg.*



*Den lokale kyrkja vart bomba under andre verdskrigen. Under oppattbygginga har ho fått vakre glasmaleri av den kjende glaskunstnaren Chagall.*



*Mainz ligg midt i hjartet av Europa. Her finn ein spor av gamle kulturar frå ulike tidsperiodar, og heilt fram til våre dagar dukkar det opp noko nytt.*

*Under utgravingane til eit nytt kjøpesenter for nokre få år sidan kom ein over spor etter ein romersk by med kanskje så mykje som 60.000 til 100.000 innbyggjarar. Funnet er no sikra med museum i kjellaren på kjøpesenteret.*